



Det var trengt om plassen i koren i kyrkja i går..

**Ein julekonsert skal vera tradisjonell, men også nyskapande. Det var slik det vart i kyrkja i går der meir enn 200 tilhøyrarar fekk med seg juletonar frå korps, kor, solistar, kantor, gjester og ikkje minst frå salmesongen. Leif Inge Heimvik sin monolog av juleevangeliet er alltid like gripande. Heimvik er også overtydande med songen I ei natt av Bjørn Eidsvåg.**

Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps under stødig leiing av Tor Skeie Olsen opna julekonserten med Silent nighth, framført i ei lysdempa kyrkje. Solisten deira, Nils Rainer Vågen på euphonium, framførte Gabriels Obo i eit arrangement av Eirik Gjerdevik. Nils Rainer gjer dette på ein meisterleg måte med fylde og føredrag i si framføring. Det er lenge sidan det har vore så mange messingblåsarar i koren i kyrkja.



Paul Emmerhoff Ulick saman med pianolæraren sin, Eva Megyesi.

Kveldens gjester var to sysken frå Halsnøy, Lisa og Paul Emmerhoff Ulrick. Begge er elevar i Kvinnherad kulturskule. Eva Megyesi er læraren deira. Dei framførte tre små stykke på piano, mellom anna Etude i F. Det profesjonelle innslaget på konserten stod Olena Pasichnyk ( fiolin ) og Eva Magyesi ( klaver og orgel ) for. I samspel framførte dei irsk og amerikansk musikk. Kantoren på orgel spelte to jazzprega komposisjonar av Mons Leidvin Takle.

Kyrkjekoret Nordsaang er etter kvart eit fast innslag på julekonserten i Uskedalen. Engelen Gabriels lovsang er ein baskisk folketone. Svein Rimestad har omsett den engelske teksten til nynorsk. Kvinnherad trekkspelklubb let oss få høyra to stykke av J.S.Bach, av dei den kjende Air frå Suite nr. 3.

Uskedal Musikklag overraska på nytt, denne gongen med musikk frå Reisen til julestjernen og ikkje minst med den tradisjonelle gospelsongen Just a closer walk with thee, ei framføring med mykje klang og trykk. Versjonen, vi fekk høyra, er i grensa til dixieland sjangeren.

Det er ingen julekonsert utan salmen Deilig er jorden, felles song med tonefylgje av Uskedal musikklag. Så var det berre å takka og helsa alle ei god jul før ein vandra ut til ei lyspynta bygd med veksande måne i Eikeskaret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård - Grenda/ Hans Ordin Østebø



[Leif Inge Heimvik las juleevangeliet og song Bjørn Eidsvåg I ei natt. \( Arkivfoto \)](#)